

SAUALSLAGET:Bjarne Berge held fram som leiar

06.02.2014



Hilde Håland orienterte på årsmøtet

Bjarne Berge frå Herøysund vart attvald som leiar av Kvinnherad Sau & Geitalslag under årsmøtet på KV i Uskedalen ikveld. Med seg i styret har han Olav Hjetland Bringedal, Uskedalen (styremedlem), Andreas Kristoffersen, Uskedalen (styremedlem), Ingolf Naustvik, Sunde (kasserar) og Geir Hetland, Husnes (skrivar) og Kristoffersen er nyvalt. Berge reknar med at det no er rundt 250 sauebønder i kommunen og at talet er stabilt. 20 av dei kom til årsmøtet.

Under årsmøtet orienterte rådgjevar Hilde Håland som jobbar for Noregs største private kjøttbedrift Fatland. Dei fleste saueslaka frå vår kommune vert levert dit.

Kommunen har no rundt rekna 6500 vinterfora sauher, noko som gjev 7200 lam. Av desse vert 4700 levert til Fatland og resten til Nortura og det har heller ikkje i den seinare tid vor nokon innbyrdes endring i den konkuransesituasjon som dette speglar, får uskedalen.no opplyst.

Eit tema som Håland var innom var villsauen, og ho opplyste at det skal vera ein kampanje for rasen i august, Fatland vil betala lammepris for ungsau.
- Vi treng 5000 slakt og til grunn for kampanjen ligg at det er ynskjeleg å få meir kjøt på dyra, seier rådgjevaren til uskedalen.no.

Eit anna tiltak som skjer i Uskedalen og som kjem allereie 8. mars er ope fjøs hos Olav Hjetland Bringedal. Fjøset til den unge uskedelingen var vekt oppsikt i vide kretser og Fatland er villig til å setja opp busstransportar hit denne dagen. Denne vinteren har Olav 200 sauher på Myklebust.

Også årsmeldinga for ifjor fortalte om fleire viktige tilskipingar, til dømes eit møte i Uskedalen der Arne Oftedal frå Mattilsynet understreka at lammetapet er for stort også i vår kommune. Eit anna vellukka arrangement var klyppekurset hos Bringedal med ein verdsmeister i full aksjon..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen



Bjarne Berge. Ingolf Naustvik og Geir Helland (leiar, kasserar og skrivar)